

Arkiv:
JournalpostID: 19/468
Saksbehandlar: Ørjan Raknes
Forthun
Dato: 13.11.2019

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
004/19	Alver formannskap	21.11.2019
	Alver kommunestyre	

NGIR – saksbehandling og administrasjon av slamordninga i Alver

Vedlegg i saken:

13.11.2019	Gjeldande selskapsavtale NGIR - Revidert 2018	1326005
13.11.2019	Fellesnemnda sak 17-19	1326007

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Alver kommunestyre gjer vedtak om å overføre arbeidet med fakturering, saksbehandling og administrasjon av slamtømmeordninga til Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap, NGIR, frå 01.01.2020.

NGIR får mynde til å treffe enkeltvedtak i saker som gjeld slamordninga i medhald av forureiningslova § 83, herunder føre tilsyn i medhald av forureiningslova § 48.»

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Fellesnemnda Alver gjorde følgjande vedtak i møte 01.04.2019:

Fellesnemnda meiner at det er ein fordel både for abonnentane og for administrasjonen i Alver kommune at NGIR tek over arbeidet med administrasjon av slamtømmeordninga frå 01.01.2020. Førebuingsarbeidet kan starte slik at nødvendige avklaringar er gjort til saka blir fremja for kommunestyret i Alver, jf § 83 i «Lov om vern mot forurensningar og om avfall» og kommunelova § 27.

Bakgrunnen for saka er at NGIR organiserer og drifter både renovasjonstenestene og slamtømmetenestene for eigarkommunane. Kommunane har ikkje oppgåver knytt til utføring av tenestene, bortsett frå at Meland, Lindås og Radøy har hatt ansvaret for administrasjon og innkreving av avgiftene for slamtømmeordninga.

NGIR har frå før alt ansvaret for saksbehandling og administrasjon av renovasjonstenestene (med unntak for Fedje). Utrekning av satsane og innkreving av avgifta blir gjort heilt og fullt av NGIR.

Når det gjeld slamtømmeordninga, er det førebels Gulen og Solund som har overført administrasjonen av denne tenesta også til NGIR. Det vil seie at NGIR krev inn avgifta direkte frå

abonnentane i Gulen og Solund, til liks med renovasjonsavgiftene elles.

Utgiftene som NGIR har, blir dekkja av høvesvis renovasjonsavgift og slamavgift frå abonnentane. Utrekning og fastesetting av avgiftene skal følgje sjølvkostregelverket. Eigarkommunane godkjenner avgiftene kvart år, etter vedtak i NGIR sitt representantskap.

Utanom Gulen og Solund har kommunane elles hatt eit eige apparat for å administrere slamavgiftene. Den avgifta som NGIR har fastsett, i tråd med sjølvkostregelverket, har derfor fått eit administrativt påslag som abonnentane må dekke. Fellesnemnda var eining i at det er grunn til å vurdere om dette er ei effektiv ordning når Alver blir etablert.

Etter vedtaket i fellesnemnda 01.04.2019, starta NGIR med førebuinga slik at ordninga vil kunne setjast i verk frå 2020.

Vurdering

NGIR kan ta på seg oppgåva med å fakturere innbyggjarane som inngår i slamtømmeordninga. NGIR har registrert slamtankar i sitt administrasjonssystem, og tømmedata blir synkronisert med utførande entreprenør. NGIR kan også følgje opp avvik i anlegga då alle avvik vert medlt NGIR frå utførande entreprenør.

Løysinga er innafor rammene i NGIR sin selskapsavtale. I følgje § 3 kan NGIR ta på seg «alle oppgåver som høyrer naturleg saman med dei oppgåvene som er nemnde i pkt 1 – 6». Slam er nemnt i pkt 3, 4 og 6.

§ 27 i den gamle kommunelova er ikkje tatt inn i den nye kommunelova, den tilvisinga i fellesnemnda sitt vedtak fell bort.

Konklusjon

Programansvarleg rår til at Alver kommunestyre gjer vedtak om formell delegering av mynde til NGIR, slik at selskapet kan overta ansvaret for å administrere slamtømmeordninga i Alver frå 01.01.2020.

Alver formannskap 21.11.2019:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 004/19 Vedtak:

«Alver kommunestyre gjer vedtak om å overføre arbeidet med fakturering, saksbehandling og administrasjon av slamtømmeordninga til Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap, NGIR, frå 01.01.2020.

NGIR får mynde til å treffe enkeltvedtak i saker som gjeld slamordninga i medhald av forureiningslova § 83, herunder føre tilsyn i medhald av forureiningslova § 48.»